



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-20/00011	27.04.2021	58338/2021/REGULERINGSPLAN/1535	Johnny Loen, 71 28 02 43	04.06.2021

## Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vikebukt sentrum - fråsegn ved avgrensa ettersyn – løyve til inngrep i kulturminne med vilkår

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### Innleiing

Saka gjeld avklaring om kulturminne i reguleringsplan for Vikebukt sentrum. VI viser til avtale om utsett frist, jamfør behandling av saka hos NTNU Vitenskapsmuseet.

### Automatisk freda kulturminne

Innanfor planområdet er det registrert eit automatisk freda kulturminne, i form av eit busetnad- og aktivitetsområde (ID 263366). Lokaliteten er automatisk freda i medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 4 første ledd. Det er i tillegg registrert ein lokalitet, ID 129479, som allereie er fjerna og undersøkt i samband med tidlegare vegutbygging.

### Lovheimel og mynde

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal styresmaktene, i samband med handsaminga av reguleringsplanen, ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen.

Fylkeskommunen/Sametinget er rette styresmakt til å ta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 andre ledd.

#### Skildring av kulturminnet

Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar av planområdet i 2018, og det blei registrert ein lokalitet:

Lokaliteten består av totalt 24 påviste strukturar. 19 av desse er tolka som sikre spor etter automatisk freda kulturminne. Desse fordeler seg som følger; to område med ardspor; to kokegroper; elleve groper av ymse storleik; to moglege stolpehol og to staurhol. Det ligg føre fire dateringsresultat frå strukturar knytt til lokaliteten. To groper og eitt område med ardspor blei datert til førromersk jernalder, medan ei kokegrop nordvest på lokalitetsflata blei datert til yngre bronsealder. Samla sett omfattar lokaliteten eit areal på om lag 5000m<sup>2</sup>. Lokaliteten kan sjåast på som ei utviding av den tidligare registrerte og utgravde lokaliteten ID 129479, då nye funn samsvare godt med det som er funne tidlegare.

#### Skildring av konflikta mellom arealbruken i planen og kulturminna

Saka gjeld etablering av eit nytt bustadområde, med frittliggande (BFS) og konsentrerte (BKS) bustadhus, samt tilhøyrande infrastruktur (SKV6, BRE1) og leikeområde (BLK).

I kommuneplanen er det avsett eit bustadområde aust for E136, men for å kompensere for tapet av jordbruksjord er dette arealet no regulert til LNF.

Det er med dette direkte konflikt mellom den planlagde utbyggingsområdet og kulturminnet, og utstrekninga gjer det vanskeleg å finne alternativ utforming.

#### NTNU Vitenskapsmuseet sine merknadar

NTNU Vitenskapsmuseet har komme med tilråding vedrørande dei arkeologiske kulturminna (ID 263366):

*NTNU Vitenskapsmuseet har tidligere hatt flere utgravninger i området bl.a. like sørøst for den aktuelle lokaliteten hvor det ble påvist flere hus fra eldre jernalder (Id 129479). Både de tidligere utgravningene og registreringene av det aktuelle området viser at kunnskapspotensialet i denne typen kulturminner er stort. Det formidlingsmessige potentialet av kulturminner som ikke er synlige på overflaten er langt lavere. NTNU Vitenskapsmuseet anbefaler at det gis dispensasjon fra fredningsbestemmelsene i Lov om kulturminner etter § 8.4 med vilkår at det gjennomføres en arkeologisk utgravning i tråd med prosjektplan og oppsatt budsjett. Prosjektplan og budsjett vil bli ettersendt i løpet av neste uke.*

*NTNU Vitenskapsmuseet tilrår at det gis dispensasjon fra fredningsbestemmelsene i § 3 og 4 i Lov om kulturminner gjennom § 8.4 i samme lov. Som vilkår for dispensasjonen bør det stilles krav om en arkeologisk utgravning i tråd med vedlagte prosjektplan og budsjett.*

#### Møre og Romsdal fylkeskommune sine merknader og vurdering av saka

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

Vi vurderer det arkeologiske kulturminnet til å vere av ein relativt vanleg førekommande

karakter, men som likevel kan ha stort potensial for kunnskap. Lokaliteten er også delvis undersøkt frå før.

I likskap med NTNU Vitskapsmuseet vurderer vi formidlingsverdien til å vere låg. Samanhengen og nærleiken til kyrkjestaden er interessant, og det er generelt ein fordel med litt luft rundt slike kyrkjegardar, men Vike kyrkjestad har ingen formell vernestatus.

Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for Vikebukst sentrum godkjennast under føresetnad av at det først blir gjort ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, ID 263366, før tiltak etter planen blir gjennomførte, jf. vedlagde kart datert 2.6.2021.

Tiltakshavaren må varsle Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Førebels budsjett og prosjektplan frå NTNU Vitskapsmuseet vil bli ettersendt, jamfør uttalen frå museet. Riksantikvaren vil sjå nærmare på forslaget til budsjett og arbeidsomfang før det blir gjort vedtak etter kulturminnelova § 10.

Vedtaket om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lèt seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Kulturminnet er korrekt avmerka som RpBo-område i plankartet. Følgande tekst skal takast inn i føresegnene i reguleringsplanen (erstattar § 10, første kulepunkt):

*Før det blir iverksatt tiltak i område SKV 6, BLK 1, BFS2, BKS1 og BRE1, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk fredete kulturminnet, bosetningsaktivitetsområde (ID 263366), som er markert som bestemmelsesområde (RpBo#1) i plankartet.*

*Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske undersøkinga kan fastsettest.*

#### Vilkår for dispensasjon

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Dersom kommunen gir melding om at den nemnde teksten ikkje vil bli innarbeidd i reguleringsføresegnene, må fylkeskommunen straks verte varsla. Møre og Romsdal fylkeskommune vil i så fall normalt reise motsegn mot planen.

#### Utgifter til arkeologisk gransking

Tiltakshavaren skal bere kostnadene for granskinga, dersom det ikkje er grunnlag for heil eller delvis statleg dekning, jf. kulturminnelova § 10. Det vil takast endeleg stilling til dette i samband med at omfanget vert fastsett.

## **KONKLUSJON**

For at planen skal kunne eigengodkjennast må føresegner for RpBo-området endrast slik som skildra ovanfor.

Det vert gitt løyve etter kulturminnelova for frigiving av kulturminne ID 263366. Som vilkår for frigivinga vert sett krav om arkeologisk gransking i forkant, nærare omtalt ovanfor. Framlegg til budsjett vil bli ettersendt.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
fylkesplansjef

Johnny Loen  
plansamordnar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Sagsaksbehandlar:

Samfunns- og næringsutvikling:

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, 71 28 03 29

Vedlegg:

Fråsegn frå NTNU

Oversiktskart

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

Riksantikvaren